



Arkivnr: 2014/10498-105

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet | | 19.05.2016 |
| Fylkestinget | | 14.06.2016 |

Godkjenning av årsrekneskapen 2015

Samandrag

Rekneskapen for Hordaland fylkeskommune 2015 vert med dette lagt fram til godkjenning.

Forslag til innstilling

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2015 vert godkjend.
2. Av overskotet vert 34 mill. kr sett av til fond for finansiering av investeringar. Resten (kr 34 456 291,23) vert sett av til disposisjonsfond.
3. Fylkestinget godkjenner fylkesrådmannen si praktisering av fondsavsetjing knytt til samlefond for opplæringssektoren.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Årsrekneskap og årsmelding 2015 for Hordaland fylkeskommune - Saksførelegg kontrollutvalet
- 2 Uttale frå kontrollutvalet på årsrekneskap og årsmelding 2015
- 3 Revisjonsberetning Hordaland fylkeskommune 2015
- 4 Revisjonsrapport Hordaland fylkeskommune 2015
- 5 Rekneskapshefte 2015 Hordaland fylkeskommune

Fylkesrådmannen, 04.05.2016**Rekneskapsresultat**

Driftsrekneskapen for 2015 vart gjort opp med eit overskot på 68,5 mill. kr.

Netto driftsresultat auka frå 52,3 mill. kr (0,7 %) i 2014 til 171,9 mill. kr (2,1 %) i 2015.

Avsetjingar og bruk av disposisjonsfond

Ein kan gje slikt oversyn over avsetjingar og bruk av disposisjonsfond i driftsrekneskapen for 2015:

| | kr 1 000 | | |
|-------------------------------|---------------|-----------------|----------------|
| | Avsetjing | Bruk | Netto |
| Regionalavdelinga | 918 | -4 941 | -4 023 |
| Kultur | 10 989 | -30 210 | -19 221 |
| Tannhelse | 288 | -3 657 | -3 369 |
| Opplæring / skolar | 18 267 | -18 367 | -100 |
| Fellesfond (til dekkelegging) | | -60 000 | -60 000 |
| Total | 30 462 | -117 175 | -86 713 |

Disposisjonsfond er reduserte med 86,7 mill. kr gjennom året. Fylkestinget vedtok å nytte 60 mill. kr til dekkelegging. Men i tillegg til dette har alle sektorane hatt netto bruk av fond i 2015.

Mange av skulane har gjennom åra bygd opp relativt store disposisjonsfond. I 2014 gjorde fylkesutvalet vedtak om maksimumsgrenser for kor store fond skulane kunne setje av. Det overskytande skulle overførast til eit samlefond for opplæringssektoren.

I 2015 var det 9 skular som hadde overskot som var så store at dei kom over maksimalgrensa for kva dei kunne avsetje til disposisjonsfond. Til saman overskreid dei grensa med nær 6,4 mill. kr. Ut frå retningslinene som vart skisserte i fylkesutvalsak 90/14, skulle 6,4 mill. kr vorte overført til samlefond for opplæringssektoren.

Fylkesrådmannen fann det likevel ikkje rimeleg å avsetje midlar til samlefond, så lenge opplæringssektoren totalt hadde ei monaleg overskriding av budsjettet. Ei slik tolking er parallell med det som gjeld for fylkeskommunen samla sett. I følgje rekneskapsforskriftene må ein stryke avsetjingar til disposisjonsfond så lenge fylkesrekneskapen viser underskot.

Fylkesrådmannen finn det rimeleg å praktisere reglane for samlefond for opplæringssektoren på tilsvarande måte. Ein føresetnad for å setje av midlar til samlefondet må vere at sektoren ikkje har underskot.

Investeringsrekneskapen

Det vart investert for 4 217,2 mill. kr i eigedomar og utstyr. Revidert budsjett var 4 159,4 mill. kr. Dei viktigaste finansieringskjeldene for investeringane var bompengar (2 119 mill. kr) og lån (1 252 mill. kr.)

Når det gjeld meir detaljar om rekneskapen, viser eg til årsmeldinga og rekneskapshefte.

Revisjonsmeldinga

I revisjonsmeldinga, datert 15. april 2016, konkluderer revisor slik:

«Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Hordaland fylkeskommune per 31. desember 2015 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.»

Handsaming i kontrollutvalet

Kontrollutvalet handsama årsrekneskapen i møte 02.05.2016. Saksførelegget følgjer som vedlegg til saka. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak:

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 31.08.2015 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2015 nr. 15 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2015.

Disponering av overskotet

I følgje § 48 i kommunelova skal fylkestinget gjere vedtak om disponering av overskotet.

I budsjettet for 2016 vart det lagt vekt på å bremse veksten i lånegjelda. I vedtaket vart det teke inn følgjande punkt: «Fylkestinget godkjenner at 50% av framtidige rekneskapoverskot vert sette av til finansiering av investeringar.»

Fylkesrådmannen legg til grunn at ein praktiserer denne ordninga ved disponering av overskotet frå 2015. Ein gjer framlegg om at 34 mill. kr vert sett av til fond for finansiering av investeringar. Meir spesifiserte budsjettendringar kan ein kome attende til i andre saker der det er behov for å gjere justeringar i investeringsbudsjettet.

Resten av overskotet foreslår fylkesrådmannen vert sett av til disposisjonsfond.